

Vigleik Leira (2008): Bokstavar med krusedullar

Overskrifta er ei folkeleg nemning for det som i vitskapleg språkbruk heiter ‘bokstavar med diakritiske teikn’ – eller stuttare ‘bokstavar med diakritika’ (eit diakritikon – fleire diakritika).

Om me tek bort dei «sære» norske bokstavane α , ϕ , \ddot{a} , er grunnstommen i det latinske alfabetet dei bokstavane me finn t.d. på eit datatastatur. Men dei språka som nyttar det latinske alfabetet, ymsar seg i mellom svært mykje med omsyn til kva slags bokstavar som kjem i tillegg. Ein hærskare av diakritiske teikn kompliserer biletet i høg grad.

Etter plasseringa i forhold til grunnbokstaven kan me dele inn dei diakritiske teikna i 3 hovudgrupper: teikn over, teikn gjennom og teikn under grunnbokstaven.

Teikn over grunnbokstaven har me t.d. i vokalvariantar som \grave{e} , \acute{e} , \hat{e} , \ddot{e} , \breve{e} , \check{e} , \ddot{o} , \acute{o} , \hat{o} , \breve{o} , \check{o} , \ddot{u} , \acute{u} , \hat{u} , \breve{u} , \check{u} , \acute{y} . Blant konsonantane støyter me ofte på diverse variantar av c , s , z og n , t.d. \acute{c} , \check{c} , \grave{s} , \acute{s} , \hat{s} , \breve{s} , \check{s} , \acute{z} , \check{z} , \grave{z} , \acute{n} , \check{n} .

Teikn gjennom grunnbokstaven er ikkje nytta så mykje. For oss er den norske, danske og færøyske ϕ -en ein ordinær bokstav i alfabetet, og me tenkjer ikkje over at det i grunnen er ein o med strek gjennom (i handskrift plasserer me streken over o -en). Elles kan nemnast at polsk har ein l med strek gjennom. Han opptrer mellom anna i elvenamnet *Wisla* og i politikarnamnet *Walesa*.

Teikn under grunnbokstaven er nesten like vanleg som teikn over. Her kjenner me truleg best til den franske ç -en, m.a. frå ordet *ça* og t.d. bynamnet *Besançon*. Men denne bokstaven er også nytta i albansk, portugisisk og tyrkisk.

Den vanlegaste funksjonen til dei diakritiske teikna er å markere at den aktuelle bokstaven skal ha ein annan uttale enn den grunnbokstaven ville ha hatt på same plassen. Her kjem m.a. trykkmarkering inn. På norsk skil me i uttale og skrift t.d. mellom orda *alle* og *allé*, og *idé* er ikkje eit rimord til *side*.

Bruken av diakritika kan og ha ei etymologisk side. Den franske bruken av teiknet \wedge , t.d. i ordet *fenêtre* (vindauge), markerer ikkje berre at *e*-en i den andre stavinga har ein anna uttale enn *e*-en i den første, men opplyser også om at ordet har hatt ein *s* i seg på eit tidlegare stadium. Jamfør her latin *fenestra* og *s*-en som er til stades i svensk *fönster*.

Samanskrivne (eller samanpressa) bokstavar er eit fenomen på sida av dei diakritiske teikna. Døme her er α (for opphavleg *ae*) i dansk, færøysk og norsk, α (for *oe*) i fransk og β (for *ss*) i tysk.

Namn

Mange av dei diakritiske teikna har eigne namn. Stundom er der både ei vitskapleg nemning og ei folkeleg. Teiknet \cdot har t.d. namnet *trema*, men heiter *tødlar* på folkemunne. Her er ei liste over nokre av nemningane:

akutt(-teikn), venstreaksent, fransk *accent aigu*, engelsk *acute accent*; teiknet $\acute{\cdot}$ (som i *allé*)

boge, engelsk *breve*; teiknet t.d. over *a*-en i *Chișinău* (hovudstaden i Moldova)

cédille (fransk ord med tydinga liten *c*); teiknet i *ç*

gravis(teikn), høgreaksent, fransk *accent grave*, engelsk *grave accent*; teiknet ‘ (som i bynamnet *Genève*)

hake (tsjekkisk *háček*, engelsk *caron*), omsnudd sirkumfleks: teiknet i *Aš* (tsjekkisk by)

sirkumfleks (el. c-), folkeleg *møne*, fransk *accent circonflexe*; teiknet ^ (som i *entrecôte*)

tilde (spansk ord fra latin *titulus* ‘påskrift’), teiknet ~ (som i *señor*)

trema, folkeleg *tødlar*, fransk *tréma*; engelsk *diaeresis* (også *trema*); teiknet '' (som i bynamna *Durrës*, *Düsseldorf*, *Göteborg*, *Jyväskylä*)

I leksikon og ordbøker blir *trema* vanlegvis (såleis t.d. i Tanums store rettskrivningsordbok og i den franske ordboka Petit Larousse) definert slik at det berre dekkjer ein del av bruksområdet til tødlane, nemleg dei tilfella der '' blir brukta til å markere at ein samanstøyt av to vokalar ikkje fører til diftong i uttalen, men gjev to åtskilde monoftongar og følgjeleg to stavingar (det som blir kalla *hiatus*), t.d. i det franske ordet *naïf* ‘naiv’. Sjå nærmare om dette i omtalen av dei einskilde språka nedafor.

Bruk av diakritika i nokre språk

Norsk

I alfabetet har norsk som eigne bokstavar æ (historisk sett ei samanskriving av *a* og *e*), ø (o med strek gjennom) og å (*a* med ring over).

Det mest brukte diakritiske teiknet i norsk er akutten i ord som *allé*, *idé*, *kamé*, *komité*. Denne bruken er ikkje påboden, men vanleg. Etter rettskrivingsreglane no er der tre alternativ for handteringa av slike ord:

a: ein ide, ideen, idear, ideane

b: ein idé, ideen, idear, ideane

c: ein idé, idéen, idéar, idéane.

Alternativ b er det mest brukte.

Elles er der, særleg i nynorsk, ein del bruk av sirkumfleks og gravis til å skilje mellom tydingar og ulike uttalar. Preposisjonen *for* skal skrivast på den måten, medan *før* gjeld slikt *for* som me har i orda *kåpefør* og *kraftfør*. Her finst og varianten *før* (t.d. *plogfør*), og endeleg *fór* i preteritum av verbet *fare*. I verbet *late* skil ein mellom presens *lèt* og preteritum *lét*.

Bokstavvarianten *é* er også nytta til å skilje talordet *ein* (bokmål *én*) frå artikelen *ein* (bokmål *en*). Ordet *og* i tydinga ‘også’ kan skrivast *øg*. Men heller ikkje i desse tilfella er aksentbruken påboden.

Til skilnad frå dansk skal ein i norsk rettskriving ikkje nytte noko aksenteikn til å markere utgang på trykksterkt *-er*. Det som stundom blir nytta, er gravis i imperativ: *dokumentèr* (i bokmål til skilnad frå substantivet i fleirtal: *dokumenter*). Men substantiv som *kavaler*, *maner* blir skrivne nett slik.

I ord og uttrykk henta frå andre språk følgjer ein gjerne aksentbruken i opphavsspråket jamvel om dette ikkje er påbode, t.d. *crème fraîche*, *tête-à-tête*. Derimot er der oftast påbod om aksentbruk i framande geografiske namn, t.d. *Andalucía*, *Genève*, *Rhône*, *São Paulo*. Merk vidare at tøddelbokstavar ikkje blir omgjorde til dei lydleg samsvarande norske bokstavane: *Mälaren*, *München*, *Göteborg* (men norsk *ø* i avleiringane *gøteborgar*, *göteborgsk*).

Tøddelbokstavane *ü*, *ö*, *ü* blir i norsk alfabetiserte saman med høvesvis *æ*, *ø*, *y*. Omsnudt alfabetiserer ein i framande språk *æ* som *ae*, *ø* blir slått saman med *o*, og *å* blir handsama som *a*. Såleis plasserer eit italiensk atlas *Lærdal* (skrive nett slik) mellom *Lae* og *Laerru*. *Tønsberg* (skrive slik) er på si side plassert mellom *Tons* og *Toora-Hem*. *Ålesund* (skrive slik) er plassert mellom *Alessano* og *Aletschhorn*.

Albansk

Det albanske alfabetet har to bokstavar der diakritika inngår: *ç* og *ë*; *ç* står for *tsj*-uttale, *ë* for den uttalen (ofte kalla *schwa*) me har i norsk av trykklett *e* i ordutlyd, t.d. i *bolle*, *jente*, *springje*, *syngje* osb. Den albanske hovudstaden *Tirana* blir oftast stava slik, men skrivemåten *Tiranë* er også å sjå. Det heng saman med grammatikken i albansk. Albansk bruker etterhengt bunden artikkel, nett som i norsk. Den bundne artikkelen i hokjønn i albansk er oftast *-a*, medan den ubundne forma har utgang på *-ë*. Geografiske namn i hokjønn blir som regel nytta i bunden form, hankjønnsnamn i ubunden form. Vekslinga *Tirana/Tiranë* svarar dermed fonetisk og grammatisk til vekslinga *jenta/jente* i norsk.

Bosnisk

variant av det språket som tidlegare blei kalla *serbokroatisk*. Sjå *kroatisk*.

Dansk

Dansk har bokstavane *æ*, *ø* og *å* felles med norsk. Til liks med norsk er det vanleg også i dansk å bruke bokstaven *é* (det er ikkje påbode) i ord som *allé* og *idé*. I ord med utgang på trykksterkt *-er* kan dansk også bruke stavemåten *-ér*: *analysér* (imperativ, til forskjell frå substantivet i fleirtal: *analyser*), *manér* (substantiv, til forskjell frå *maner*, presens av verbet *mane*).

Engelsk

Det engelske alfabetet har ingen bokstavar med diakritiske teikn. Der er heller ikkje bruk av diakritiske teikn i vanleg skrift.

Estisk

Det estiske alfabetet har bokstavane š, õ, ä, ö, ü. Her står š for sj-lyd. Vokalen õ svarar til ein ø-aktig lyd, men blir og nytta til transkripsjon av russisk ѿ, som me i norsk gjev att med y.

Nokre stadnamn: *Pärnu, Võru, Türi; Baškortostan, Rõbinsk, Voronež* (transkripsjon av dei russiske namna *Башкортостан, Рыбинск, Воронеж*).

Finsk

Finsk har to bokstavar med diakritiske teikn: ä og ö. Døme i stadnamn: *Enontekiö, Hyvinkää, Isosyöte, Jyväskylä, Järvenpää, Kyrönjoki, Kyrösjärvi, Päijänne, Riihimäki, Äänekoski*.

Fransk

Det ordinære franske alfabetet har ingen diakritiske teikn, men der er likevel mykje bruk av diakritika. Vokalen e har t.d. 5 variantar: e, è, é, ê, ë.

Varianten è står for ein œ-aktig lyd: *Genève, mère* ‘mor’, *légère* (hokjønnsforma av adjektivet *léger* ‘lett’).

Varianten ê står også for ein œ-lyd, t.d. i *Angoulême* (by i Frankrike) og *Gênes* (fransk for den italienske byen *Genova*). Som tidlegare nemnt kan ^ også vise til ein bortfallen s, som i *forêt* ‘skog’ (frå latin *forestis*, jf. engelsk *forest*).

Varianten é står for e-lyden i norsk *be* og *fe*, t.d. i *épée* ‘sverd’, *dé* ‘terning’, *désinformation* ‘desinformasjon’.

Varianten ë kan markere hiatus, t.d. i *Israël* og i *Noël* ‘jul’. Hokjønnsformene av adjektiva *aigu* ‘kvass’ og *ambigu* ‘tvitydig’ får ein ë i tillegg (> *aiguë*, *ambiguë*). Tødlane her markerer at u-en i ordet skal uttalast. Det gjev same uttale i hankjønn og hokjønn: [egy] og [ambigy]. Ei skrivemåte med -ue ville ha gjeve ein stum kombinasjon -ue, slik me har det t.d. i ordet *figue* [fig] ‘fiken’.

Bokstaven a har 3 variantar: a, à, â. I uttalen er der lang og kort variant, slik der også er i norsk, t.d. ved orda *hat* og *hatt*. Kort a er der t.d. i ordet *tache* ‘flekk’, lang t.d. i *page* ‘side’. Varianten â er ofte nytta i ord og namn der det tidlegare har vore ein s: *bâton* ‘stav’ (frå latin *bastum*), *Pâques* ‘påske’, *Bâle*, jf. tysk *Basel*. Varianten à kjenner me som einbokstavs-preposisjon med fleire tydingar, t.d. à *Paris* ‘i Paris’.

Også i har 3 variantar: i, ï, î. Varianten ï kan markere hiatus, t.d. i *archaïque* [arkaik] ‘arkaisk’, *haïr* ‘hate’, *héroïne* ‘heltinne’. Han kan også markere j-uttale: t.d. i *faïence* ‘fajanse’, *iāmbe* ‘jambe’. Denne bruken er mykje nytta i transkripsjon frå russisk, t.d. *Baikal*, *Maïakovski*, *Tolstoï*, *Tchaïkovski*. Også i namn frå andre språk kan fransk stundom nytte aï, t.d. *Taiwan*. Her kan ein altså merkje seg at den franske bokstavsekvensen aï nokre gonger står for hiatus, andre gonger ikkje. – Varianten î har me t.d. i *chaîne* ‘kjede’, *maître* ‘herre, meister’ og i *île* ‘øy’ (jamfør den s-en som er til stades i latin *insula*, italiensk *isola* og engelsk *isle* (men engelsk *island* er ikkje etymologisk i slekt)).

Bokstaven *o* har berre 2 variantar: *o* og *ô*. Den siste finn me t.d. i ordet *côte* ‘kyst’ (frå latin *costa*, men tydinga ‘kyst’ er ei nyovring i dei romanske språka) og i elvenamna *Rhône* og *Saône* (med uttalane [rân] og [sân]).

Bokstaven *u* har 3 variantar: *u*, *û*, *ü*. Døme på varianten *û*: *mûr* ‘mogen’, til skilnad frå *mur* ‘mur’; *sûr* ‘sikker’, til skilnad frå preposisjonen *sur* med fleire tydingar. Den sjeldsynte varianten *ü* finst t.d. i *capharnaïum* ‘rotehus’ med hiatusuttale for -*aü*- og avvikande uttale (ikkje [y]) av *ü*-en: [kafarna-åm].

Bokstaven *y* synest ikkje å ha nokon annan variant ved sida av seg.

I franske ord nyttar ein ikkje vokalkombinasjonen *oe*, men brukar i staden samanskriwinga *œ* som spesialbokstav (ikkje del av alfabetet), jamfør t.d. *œil* ‘auge’ og *œuf* ‘egg’.

Når det gjeld vocalane, særleg *e*, har altså fransk eit særdeles innfløkt system for veksling mellom ord med og utan diakritika. For konsonantane derimot er biletet enkelt. Det er berre *ç* (med *s*-uttale) som kjem i tillegg.

Færøysk

Det færøyske alfabetet har desse vocalbokstavane: *a*, *á*, *e*, *i*, *í*, *o*, *ó*, *u*, *ú*, *u*, *ý*, *æ*, *ø*. Variantane med aksenteikn er rekna som eigne bokstavar. Ein kan merkje seg at *e*-en berre har den varianten.

Historisk sett vart teiknet ́ nytta til å markere vocallengd. No er der oftast meir eller mindre diftongisering i uttalen.

Færøysk har bokstaven *edd* (ð, ð), med lydverdi som i stemd engelsk *th* (som i *father*), men ikkje *thorn* (þ), den ustemed varianten (som i engelsk *thing*).

Til liks med dansk og norsk brukar færøysk bokstaven *ø*, til skilnad frå islandsk og svensk med *ö*. Men her er der ei viss vakling, t.d. har kartboka Heimsatlas frå 1994 formene *Tromsö*, *Bodö*, *Brönnöysund*, men *Mosjøen* og *Sandnessjøen*. Sverige er gjeve som *Svøríki*.

Nokre færøyske stadnamn: *Borðoy*, *Lítla Dímun*, *Mýrafjall*, *Nólsoy*, *Nýggjaberg*, *Næraberg*, *Skálafjørður*, *Skúvoy*, *Stóragjógv*, *Suðuroy*, *Tórshavn*, *Vágar*.

Gresk

I gresk markerer teiknet ́ trykkplassering, t.d. i øynamna *Pátmos* (< Πάτμος) og *Ródos* (< Ρόδος). Alle to- eller fleirstava ord får denne markeringa, medan einstava ord som aller oftast er utan. Språkrådet tilrår å følgje denne praksisen i attgjeving av greske stadnamn og personnamn.

Teiknet ́ blir også nytta til markere avvikande uttale ved vocalrekkefølgjer. Rekkkefølgja *ai* har ordinært uttalen [e]. Ordet *τσái* ‘te’ har diftonguttalen [tsai] og er altså einstava. Aksenten ́ er her sett inn for å avvise den vanlege uttalen av sambandet *ai*. I ordet *καιμάκι* ‘skum på kaffi’ viser skrivemåten med to diakritiske teikn til hiatusuttale for rekkjefølgja *ai* og til trykket på midtstavinga [ka-imáki]. I ordet *καϊκι* (båttype) er der samplassering av akutt og

trema over i-en; tremateiknet viser til hiatusuttale og akutten viser til trykkplasseringa: [ka-íki].

Tremateiknet treng ikkje vise til hiatusuttale i alle tilfelle. Det russiske innsjønamnet *Bajkal* (< Байкал) har på gresk forma *Βαϊκάλη* (Vaikáli i norsk transkripsjon). Her tek tremateiknet over i-en vare på diftonguttale av ái samstundes som aksenten over den andre á-en plasserer trykket på rett stad. Jamfør ovafor under fransk om tilsvarende bruk av trema der.

Irsk

Irsk har desse bokstavane med diakritiske teikn (ikkje med i alfabetet): á, é, í, ó, ú.
Akuttaksenten markerer lang vokal.

Nokre døme: *An Bhriotáin* (Bretagne), *Béal Feirste* (Belfast), *Baile Átha Cliath* (Dublin), *Dún Déagh* (Dundee), *Dún Éideann* (Edinburgh), *Éire* (Ireland), *Geansaí* (Guernsey), *Glaschú* (Glasgow), *Muir Éireann* (Irskesjøen), *Oileáin Fharó* (Færøyane).

Islandsk

Islandsk har dei same vokalbokstavane som færøysk, men brukar ö, ikkje ø. I tillegg kjem é med uttalen [je], t.d. i *fé* [fje] ‘buskap’. Bokstaven á har uttalen [ao], t.d. i *mál* [maol] ‘mål’. Bokstavane i, í og y, ý har alle i-uttale med veksling mellom kort og lang vokallengd utan omsyn til bruk av aksentteikn.

Islandsk har både edd og thorn.

Nokre islandske stadnamn: *Breiðdalur*, *Grímsey*, *Héraðsflói*, *Húnaflói*, *Mýrdalsjökull*, *Reykjavík*, *Skeggöxl*, *Skjálfandi*, *Smörfjöll*, *Snaefell*, *Pjórsá*, *Vatnajökull*, *Vestfirðir*.

Italiensk

Der er ingen diakritiske teikn i det ordinære italienske alfabetet. Der er to teikn som er nyttå ein del: ‘ og ’, t.d. i *città* ‘by’ og *perché* ‘fordi’.

Teiknet ‘ er obligatorisk i to- og fleirstava ord med trykksterk vokalutgang: *caffè* ‘kaffi’, *kafé*; *colibrì* ‘kolibri’; *libertà* ‘fridom’; *sarò* ‘eg kjem til å vere’. Det er ikkje påbudt ved anna trykkmarkering, t.d. til å skilje mellom *principi* (fleirtal av *principe* ‘fyrste’) og *principi* (fleirtal av *principio* ‘prinsipp’). Derimot er aksentteikn obligatorisk ved nokre einstava ord for å skilje mellom tydingar: t.d. è (3. person eintal presens av verbet *essere* ‘vere’) kontra e ‘og’, sì ‘ja’ kontra si ‘seg’, dà (3. person eintal presens av verbet *dare* ‘gje’) kontra preposisjonen da ‘frå’, substantivet tè ‘te’ kontra pronomenet te ‘deg’.

Teiknet ‘ markerer trøng vokal. Det er obligatorisk ved ordutgang på trykksterk spiss e, t.d. i *perché* og *dacché*, både med tydinga ‘fordi’. Det kan også nyttast til å skilje mellom t.d. *ancóra* ‘endå’ og *ancora* ‘anker’.

Teiknet ^ er sjeldsynt. Det kan nyttast til markere fleirtal av ord på -io, t.d. *principî*, altså ein alternativ skrivemåte til *principi*, jf. ovafor.

Nokre stadmenn: *Barzanò* (i Piemonte), *Cantù* (i Piemonte), *Cefalù* (på Sicilia), *Mondovì* (i Valle d'Aosta), *Pizzo di Vernà* (på Sicilia)

Kroatisk (dekkjer også bosnisk og serbisk skrive med latinske bokstaver)

Desse variantane av det som tidlegare var rekna som eitt språk, *serbokroatisk*, blei og blir skrivne med det latinske alfabetet. I tillegg til standardbokstavane i det latinske alfabetet kjem seks bokstavar med diakritiske teikn: *č*, *ć*, *dž* (blir rekna som eigen bokstav), *đ*, *š*, *ž*.

č står for [tsj], t.d. i øynamnet *Korčula* og bynamnet *Čačak*

ć står for [tj], t.d. i etternamnet *Andrić* og i stadmenn *Perković* og *Vojnić*

dž står for [dzj], t.d. i ordet *džungla* (jungel)

đ står for [dj], t.d. i det historiske personnamnet *Karađorđević*

š står for [sj], t.d. i bynamnet *Šibenik*

ž står for [zj], t.d. i øygruppenamnet *Palagruža*

Latvisk

Det latviske alfabetet har desse bokstavane med diakritiske teikn: *č*, *Ģ* *ģ*, *ķ*, *ļ*, *ņ*, *š*, *ž*. Alle desse bokstavane viser til palatisering, dvs. *j*-aktig uttale. Frå dei slaviske språka kjenner me til kva *č*, *š* og *ž* står for: [tsj], [sj], [zj].

Bokstavvariantane *G* og *ģ* skil seg ut på den måten at plasseringa av det diakritiske teiknet skiftar med vekslinga mellom stor og liten bokstav. Stor bokstav har teiknet under seg, liten har det over seg. Uttalen er den same og kan tilnærma setjast opp som [dj]. Bokstaven *ķ* står for ein uttale [tj], *ļ* for [lj].

Ved sida av desse eigne diakritiske bokstavane markerer ein i latvisk lang vokal gjennom strek over bokstaven, jamfør bynamna *Jēkabpils*, *Jūrmala*, *Liepāja*, *Rīga*. Men variantane med strek over er ikkje rekna som eigne bokstavar i alfabetet.

Litauisk

I det litauiske alfabetet har desse bokstavane diakritiske teikn: vokalane *ą*, *ę*, *ė*, *ѝ*, *ų*, *ū* og konsonantane *č*, *š*, *ž*.

Litauisk skil mellom lange og korte vokalar. Lange er dei med diakritiske teikn pluss *o* og *y*. Korte er *i* og *u*. Bokstavane *a* og *e* viser både til korte og lange vokalar. I grammatikkar og språkvitskapleg litteratur nyttar ein også akutt ('), gravis (') og tilde (~) til å markere kvar trykket ligg. Uttalen av konsonantbokstavane *č*, *š*, *ž* er respektive [tsj], [sj], [zj].

Nokre stadmenn: *Klaipėda*, *Mažeikiai*, *Šiauliai*, *Tauragė*, *Žemaitija*.

Moldovsk

Moldovsk har den same bruken av diakritiske teikn som rumensk.

Nederlandsk

Nederlandsk har ingen bokstavar med diakritika i alfabetet. I rekkjefølgjer på to eller fleire vokalar er trema mykje nytta til markering av hiatus, særleg over bokstaven *e*, t.d. i orda *poëzie* og *coëfficiënt*. Denne tremabruken finst m.a. i ei rekkje utalandske geografiske namn, t.d. *Albanië*, *Argentinië*, *België*, *Brazilië*, *Haïti*, *Israël*, og i bibelnamnet *Kaïn*.

Elles kan ein merkje seg at rekkjefølgja *ij* (som ikkje er rekna som éin bokstav i alfabetet) blir skriven med to store bokstavar i byrjinga av namn: *IJmeer*, *IJmuiden*, *IJsland* (= Island).

Polsk

Polisk har ei rekkje bokstavar med diakritiske teikn: vokalane *ą*, *ę*, *ó* og konsonantane *ć*, *ł*, *ń*, *ś*, *ż*, *ź*.

ą står for nasalert *o*, jf. uttalen av fransk *on*, t.d. i *Śląsk* (polsk for Schlesien)

ę står for nasalert *e*, jf. uttalen av fransk *vin*, t.d. i *Częstochowa*

ó svarar til norsk *o* i *sol*, t.d. i *Kraków*

ć står for [tsj], t.d. i elvenamnet *Noteć* og i bynamnet *Brześć* (Brest i Kviterussland)

ł svarar til engelsk *w* i *well*, t.d. i elvenamnet *Wisła*

ń svarar til fransk og italiensk *gn* (norsk *nj*), t.d. i bynamna *Gdańsk* og *Toruń*

ś står for [sj], t.d. i *Śląsk*

ż og *ź* står for variantar av [zj], t.d. i stadnamna *Żabno* og *Koźmin*

Portugisisk

Til liks med fransk har portugisisk bokstaven *ç*. Funksjonen er den same, markering av *s*-uttale, t.d. i bynamnet *Bragança*.

Elles er diakritiske teikn berre i bruk over vokalbokstavar. Teikna viser dels til vokalkvalitet, dels til avvikande trykkplassering. Det vanlege er at trykket ligg på den nestsiste stavinga eller på den siste om ho endar på *-l*, *-r*, *-z* eller *-u*:

tilde (~) står for nasalvokal, t.d. i bynamnet *São Paulo*,

akutt (') står for open vokal og trykkplassering, t.d. i *água* ‘vatn’, *Setúbal* (by i Portugal),

sirkumfleks (^) står for trøng vokal og trykkplassering, t.d. i *Rondônia* (delstat i Brasil), *Zézere* (elv i Portugal).

I Brasil bruker ein dessutan tødlar over *u* etter *g* og *q* for å markere *w*-uttale foran *e* og *i*, t.d. i *agüentar* ‘tolererere’ og *tranquilo* ‘roleg’.

Rumensk

Det rumenske alfabetet har 5 bokstavar med diakritiske teikn: *ă, â, î, ș, ț*.

Bokstaven *ă* står for schwa-uttale (jamfør *ë* i albansk).

Bokstavane *â* og *î* har den same uttalen, ein *y*-aktig lyd som svarar til uttalen av den russiske bokstaven *ы*. Etter at Ceaușescu-regimet fall, vart bruken av dei to bokstavane regulert etter den enkle regelen at *î* skal brukast i byrjinga og slutten av ord, elles skal ein bruke *â*. Nokre unntak finst, t.d. i samansette ord.

Døme på *ă* og *â*: *Brăila, România, Târgu Mureș*.

Bokstaven *ș* står for [sj], t.d. i hovudstadsnamnet *București*.

Bokstaven *ț* står for [ts], t.d. i i bynamnet *Galati*.

Russisk

I ordbøker og grammatikkar og i oppslagsord i leksikon bruker ein akutt aksent (‘) til å vise kvar trykket ligg, t.d. *Москвá* (> Moskva). I vanleg tekst er ikkje trykkplassering markert.

Ved sida av *e* har ein i det russiske alfabetet også bokstaven *ë*. Mens *e* i transkripsjon til norsk har formene *e* og *je*, blir *ë* transkribert med *jo*, t.d. *Алёша* > *Aljosja* og *Горбачёв* > *Gorbatsjov*. I vanleg russisk skrift nyttar ein oftast *e* i staden *ë*.

I russisk samanheng er *ë*-en alltid trykksterk. I transkripsjon frå andre språk blir *ë* stundom nytta utan å vere trykkmarkerande, t.d. i *Будё* (< Bodø)

Den russiske *j*-en (ÿ) kan sjåast som ein *i* (и) pluss eit diakritikon, jamfør *Василий* (> Vasilij).

Samisk

Det nordsamiske alfabetet har 7 bokstavar med diakritika: *á, č, đ, ğ, š, t, ž*.

á (aksent-á) står for ein for *æ*-aktig lyd, lang eller kort

č står for [tsj]

đ står for stemd *th*-lyd, som i engelsk *father*

ğ står for to uttalevariantar, anten som *ng* i norsk *bang* eller som trøndsk *nn* i *mann*; føre *g* og

k berre som *ng*

š står for [sj]

t står for ustemd *th*-lyd, som i engelsk *think*

ž står for den stemde varianten av č, [dzj]

Nokre døme i geografiske namn: *Čáhppesmearra* (Svartehavet), *Frájkriika* (Frankrike), *Guovžasuolu* (Bjørnøya), *Kárášjohka*, *Papua-Oddá-Guinea* (Papua Ny-Guinea), *Ruošša* (Russland), *Ruotta* (Sverige), *Sápmi* (Sameland).

Serbisk

(skrive med latinske bokstavar), sjå *kroatisk*.

Spansk

Bokstaven ñ er den einaste i alfabetet med eit diakritikon. Han står for *nj*-lyd, jamfør *gn* i fransk og italiensk. Elles blir rekkjefølgjene *ch*, *ll* og *rr* rekna som eigne bokstavar med plassering etter høvesvis *c*, *l*, *r*.

Spansk nyttar akutt aksent (*cento agudo*) for å markere avvik frå vanleg trykkplassering. Etter reglane skal trykket ligge på nestsiste staving om ordet endar på vokal, diftong, *n* eller *s*. Endar ordet på konsonant (unnateke *n* og *s*) skal trykket ligge på siste staving. Døme på markering av trykkplasseringa: *Andalucía*, *Gijón*, *médico* ‘lækjar’.

Etter *g* nyttar spansk tødlar over *u* for å markere *w*-uttale foran *e* og *i*, t.d. i *Camagüey* (by på Cuba).

Fleire døme i stadnamn: *Alcalá de Henares*, *Almería*, *Córdoba*, *Écija*, *La Coruña*, *Lérida*, *Logroño*, *Málaga*, *Mérida*, *Morón*, *Sanlúcar de Barrameda*.

Svensk

Svensk har å-en felles med norsk, men nyttar ä og ö i staden for æ og ø. I alfabetet er å, ä, ö dei tre siste bokstavane. Til ganske nyleg har *w* ikkje vorte rekna som eigen bokstav, men som variant av *v*. Til dømes er ord og namn med *w* samalfabetiserte med *v* i Nationalencyklopedien.

Endringa med *w* som eigen bokstav kom den 13. utgåva av SAOL (Svenska Akademins ordlista över svenska språket).

I ord av typen *armé*, *idé* skal aksenten brukast, også i bøygde former: *idé*, *idén*, *idéer*.

Tsjekkisk

4 bokstavar med diakritika (č, ř, š, ž) er eigne bokstavar i alfabetet. Rekkjefølgja *ch* (med uttale som *ch* i tysk *doch*) blir også handsama som eigen bokstav med plassering etter *h*. I tillegg har ein diakritika i desse bokstavane som blir betrakta som variantar: á, á', é, é', í, í', ó, ó', ú, ú', ý.

Bokstavane č, š, ž står for uttalane [tsj], [sj], [zj].

Bokstavane d', t', ſ står for palataliserte (j-aktige) utgåver av d, t, n. For d' og t' kan ein merkje seg at dei store bokstavane har ein hake over seg i staden for ein krøll ved sida av: ď, Č

Bokstaven ř (kjend frå komponistnamnet *Dvorák*) vert gjerne karakterisert som ein kombinasjon av r og [sj] eller [zj].

Bokstavane med akutt aksent (á, é, í, ó, ú, ý) står for lange vokalar. Også ü står for lang u. Dei fire bokstavane i, í og y, ý står alle for i-lydar.

Bokstaven ě står for uttalen [je], etter m for uttalen [nje], t.d. i *město* [mnjesto] ‘by’.

Nokre døme i geografiske namn: *Aš*, *Česká Lípa*, *České Budějovice*, *Český Krumlov*, *Dobříš*, *Dvůr Králové nad Labem*, *Džbán*, *Londýn* (London), *Maďarsko* (Ungarn), *Plzeň*, *Řecko* (Hellas), *Řím* (Roma), *Ústí nad Labem*.

Tyrkisk

Det tyrkiske alfabetet har desse bokstavane med diakritika: ç, ġ, ö, ş, ü. Med i alfabetet er også dei to i-ane, ein utan prikk og ein med. Dei ser slik ut: I, i, Ī, ī. Ikkje med i alfabetet er bokstavar med sirkumfleks for markering av vokallengd, oftast â og î.

Bokstaven â er også nytta til å markere palatalisering av ein føregåande eller påfølgjande g, k eller l.

ç er den ustemed varianten [tsj] av c [dzj]

ğ har tilnærma j-uttale

i med prikk svarar til norsk i

ı står for ein schwa-aktig lyd

ö svarar til norsk ø

ş står for uttalen [sj]

ü svarar til norsk y

Nokre døme i geografiske namn: *Çanakkale*, *Diyarbakır*, *Elâzığ*, *Eskişehir*, *İstanbul*, *Lübnan* (Libanon), *Lübnanî* (libanesisk), *Suğla Gölü*.

Tysk

Tysk har omlydsvokalane ä, ö, ü. Dei vert ikkje handsama som eigne bokstavar i alfabetiske lister, men plasserte innimellan ord med a, o, u. Til dømes fører eit leksikon opp dei tre orda *Olduvai*, *Öle*, *Oleander* nett i den rekkjefølgja.

Tysk har spesialbokstaven β (*scharfes S*). Han har same lydverdi som *ss* og skal brukast etter lange vokalar og diftongar, mens *ss* skal brukast etter korte vokalar. – I Sveits blir β vanlegvis ikkje nyttta.

Nokre døme i geografiske namn: *Ägypten, Äthiopien, Dänemark, Kärnten, Mähren, Köln, Mönchengladbach, Österreich, Düsseldorf, München, Nürnberg, Thüringen, Zürich*.

Ungarsk

Ungarsk skil mellom korte og lange vokaler.

Dei korte er *a, e, i, o, ö, ü*.

Dei lange er *á, é, í, ó,ő, ü*.

Der er altså to sett med tøddelbokstavar: dei korte *ö, ü* og dei lange *ő, ü*.

Ungarsk har ingen konsonantbokstavar med diakritika.

Nokre døme i geografiske namn: *Bécs (Wien), Dunántúl, Győr, Jászság, Kaposvár, Kiskőrös, Komló, Pécs, Tatábanya, Tiszafüred*.

Oversyn over kvar bokstavvariantane er å finne

Fordelinga er her gjeven etter dei interne forholda i kvart språk, dvs. der er ikkje teke omsyn til bruk av diakritika i ord og namn som er henta inn frå andre språk, t.d. skrivemåtane *tête-à-tête* og *München* i norsk. – Oversynet gjeld dei språka som er omtala ovafor. Gresk og russisk er teke med i dei tilfella bokstavane der har (omtrent) den same utsjånaden som dei latinske. Merk at den same bokstaven kan ha heilt ulike verdiar i ulike språk.

A

\acute{A} , \acute{a} : færøysk, gresk, irsk, islandsk, italiensk, portugisisk, russisk, samisk, spansk, tsjekkisk, ungarsk

\grave{A} , \grave{a} : fransk, italiensk

\hat{A} , \hat{a} : fransk, rumensk, tyrkisk

\tilde{A} , \tilde{a} : portugisisk

\ddot{A} , \ddot{a} : estisk, finsk, svensk, tysk

\check{A} , \check{a} : rumensk

\bar{A} , \bar{a} : latvisk

\AA , \aa : dansk, norsk, svensk

Ą, ą: litauisk, polsk

Æ, æ (< ae): dansk, norsk, færøysk

E

É, é: dansk, fransk, gresk, irsk, islandsk, italiensk, norsk, russisk, svensk, tsjekkisk, ungarsk

È, è: fransk, italiensk, norsk (lite brukt)

Ê, ê: fransk, portugisisk

Ë, ë: albansk, fransk, nederlandsk, russisk

Ě, ě: tsjekkisk

Ē, ē: latvisk

Ę, ę: litauisk

Ę, ę: litauisk, polsk

I

Í, í: færøysk, gresk, irsk, islandsk, tsjekkisk, ungarsk

Ì, ì: italiensk

Î, î: fransk, italiensk (lite brukt), tyrkisk

Ï, ï: fransk, gresk, nederlandsk

Ī, ī: latvisk

Ĳ, ĩ: litauisk

I, i: (utan prikk) gresk, tyrkisk

O

Ó, ó: færøysk, gresk, irsk, islandsk, norsk (lite brukt i trykk, men vanleg i handskrift i staden for ø), polsk, tsjekkisk, ungarsk

Ø, ø: norsk (lite brukt)

Ô, ô: fransk, norsk (lite brukt), portugisisk

Õ, õ: estisk, portugisisk

Ö, ö: estisk, finsk, islandsk, svensk, tyrkisk, tysk, ungarsk

Ő,ő: ungarsk

Ø, ø: dansk, færøysk, norsk

Œ, œ (< oe): fransk

U

Ú, ú: færøysk, irsk, islandsk, tsjekkisk

Û, û: fransk, tyrkisk

Ü, ü: fransk (lite brukt), tyrkisk, tysk, ungarsk

Ӯ, ӱ: ungarsk

Ӹ, ӱ: latvisk, litauisk

Ӱ, ӱ: tsjekkisk

Y

Ý, ý: færøysk, islandsk, tsjekkisk

C

Ć, č: kroatisk, polsk

Č, č: kroatisk, latvisk, litauisk, samisk, tsjekkisk

Ҫ, ҫ: albansk, fransk, portugisisk, tyrkisk

D

ڏ, ڏ: tsjekkisk

ڏ, ڏ: kroatisk, samisk

ڏ, ڏ: færøysk, islandsk

G

Ӯ, ӈ: latvisk

Ӯ, ӈ: tyrkisk

K

K, k: latvisk

L

L, l: polsk

L, l: latvisk

N

N, n: polsk

N, n: spansk

N, n: tsjekkisk

N, n: latvisk

D, y: samisk

R

R, r: tsjekkisk

S

S, s: polsk

S, s: kroatisk, latvisk, litauisk, samisk, tsjekkisk

S, s: rumensk, tyrkisk

SS

β : tysk

T, TH

T, t: tsjekkisk

T, t: samisk

P, p: islandsk

T, t: rumensk

Z

Z, z: polsk

\check{Z} , \check{z} : kroatisk, latvisk, litauisk, samisk, tsjekkisk

Tillegg – alfabetet i gresk, russisk og serbisk

gresk: Αα, Ββ, Γγ, Δδ, Εε, Ζζ, Ήη, Θθ, Ιι, Κκ, Λλ, Μμ, Νν, Ξξ, Οο, Ππ, Ρρ, Σσ, Ττ, Υυ, Φφ, Χχ, Ψψ, Ωω

russisk: Аа, Бб, Вв Гг, Дд, Ее, Ёё, Жж, Зз, Ии, Йй, Кк, Лл, Мм, Нн, Оо, Пп, Рр, Сс, Тт, Уу, Фф, Хх, Щщ, Чч, Щщ, Ъъ, Ыы, Ъъ, Ээ, Юю, Яя

serbisk (med samsvarande kroatisk bokstav i parentes): Аа (a), Бб (b), Вв (v), Гг (g), Дд (d), Ђђ (Đđ), Ее (e), Жж (ž), Зз (z), Ии (i), Јј (j), Кк (k), Лл (l), Јљ (lj), Мм (m), Нн (n), Њњ (nj), Оо (o), Пп (p), Рр (r), Сс (s), Тт (t), Ћћ (ć), Уу (u), Фф (f), Хх (h), Џџ (c), Чч (č), Џџ (dž), Шш (š)